Kommunedirektøren har ansvaret for informasjon til medlemmer i kommunestyre, råd, styre og utval om deira sosiale rettar som folkevalde. Dei folkevalde skal motta reglementa for kommunestyre, formannskap m.m. Det same gjeld regulativ som gjeld praktiske og økonomiske ordningar om folkevalde sine løns- og arbeidsvilkår m.m., ref. Godtgjerslereglement for folkevalde i Vaksdal kommune.

21.3 Ombodsutval

Ved byrjinga av kvar ny kommunestyreperiode vel kommunestyret blant sine medlemmer eit ombodsutval på fem personar. Utvalet skal minst ein gong i valperioden førebu rullering av, og fremje forslag til eventuelle endringar i dei ulike reglementa for politiske utval i Vaksdal kommune. Dette gjeld særskilt Godtgjerslereglement for folkevalde i Vaksdal kommune. Utvalet skal vidare sjå til at naudsynt opplæring og informasjon vert gitt dei folkevalde i tråd med pkt 21.3 i dette reglementet.

22. ORDEN I SALEN OG BYGNINGEN

Møtestyrar skal sørge for at det er ro og orden i møtesal. Han/ho skal syta for at talarane ikkje vert stogga eller uroa frå nokon kant. Teikningar, tabellar o.l. må ikkje setjast opp i salen når det er møte, utan at møtestyraren eller kommunestyret har gitt løyve til det. Det skal ikkje leggjast ut materiell til kommunestyrerepresentantane utan etter godkjenning frå ordføraren.

23. MØTEBOK - MØTESLUTT

Det skal førast møteprotokoll over kommunestyret sine møte, jfr. [kommunelova § 11-4](#)
[Møteleiar](#) har ansvar for tilfredsstillande føring av møteprotokoll.

For kvart møte skal det i møteboka førast inn møtestad, møtedato og møtetid og kven som er til stades.

Møteprotokollen vert publisert på nettsida til kommune så snart denne er ferdig.

Møteprotokollen skal visa gangen i sakene, og at kommunestyret føl gjeldande lover og reglement. Sakene skal protokollerast etter nummerorden for kvart år. Kvar sak skal ha saksnamn som lett gir opplysning om kva saka gjeld. Den framlagde innstillinga frå kommunedirektør, formannskap/kontrollutval m.m. og framsette forslag i møtet skal protokollerast. Det same gjeld alle røystingar.

Møtestyraren avgjer om utsegner (protokolltilførsler) skal førast inn i møteboka. Kjem det motmæle mot ei slik avgjerd, skal kommunestyret ta avgjerd i spørsmålet. Også opplysning om kva for spørsmål og interpellasjonar som var oppe, skal protokollerast.

24. EKSTERN INFORMASJON

Møteinnkalling m/sakspapir og møteprotokollar frå møte i kommunestyre og andre styreorgan, er offentlege dokument. Desse dokumenta skal vere tilgjengelege for publikum på nettsida til kommunen. Unntak til dette er det som er fastsette i lov og forskrift, og i dette reglementet sitt pkt. 6.

25. KOMMUNESTYRET SITT TILSYNS- OG KONTROLLANSVAR

Kommunestyret har det øvste tilsynet med kommunen si samla forvaltning jfr. [Kommunelova](#) § 22- 1 Gjennom kontrollutvalet, fører kommunestyret den fortløpande kontroll. jfr. [Kommunelova kapittel 23](#) Nærare reglar for kontrollutvalet sitt arbeid er fastsett i eige reglement.

26. LOVLIGHETSKONTROLL OG KRAV OM Å TA OPP ATT EI SAK SOM ER AVGJORT

26.1 Lovlighetskontroll

Tre eller fleire medlemmer av kommunestyret kan saman fremja krav om lovlighetskontroll av avgjersle fatta i kommunestyret, anna folkevald organ eller administrasjonen, jfr. [Kommunelova kapittel 27 m.v.](#) Slikt krav må fremjast skriftleg for det organ som har fatta avgjersla innan tre veker jfr. Forvaltningslova § 30

26.2 Krav om å ta opp att ei sak som er avgjort

Ei sak kan ikkje bli tatt opp på ny før det er gått tre månader frå kommunestyret sitt endelege vedtak i saka.

Kommunestyret og formannskapet kan sjølv avvise krav frå eigne medlemmar om ny behandling av saker som er handsama av det same utvalet. Desse føresegnene gjeld ikkje krav om ny behandling som kjem frå eit departement eller Statsforvaltaren.

27. ETIKK

Folkevalde skal unngå personlege fordeler som kan påverke, eller vere eigna til å påvirke handlingar, sakshandsaming eller vedtak.

Etisk reglement skal reviderast innan utgangen av første år i ny valperiode.

28. FOLKEVALGTE SIN RETT TIL INNSYN

Rett til innsyn

Kommunestyret har, som overordna organ for all verksemd i kommunen, rett til innsyn i alle kommunale saksdokument etter prinsippet om meiroffentlegheit, jfr. [Kommunelova](#) § 11 - 13 jfr [Offentleglova](#) §2.3, med dei presiseringar som følgjer av reglane under.

Utval for levekår og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument knytt til dei delane av kommunen si verksemd som organet behandlar.

Kontrollutvalet har sjølvstendig innsyn jfr. [Kommunelova](#) § 23-2 jfr. § 23-6

Tidspunkt for rett til innsyn

Retten til innsyn gjeld når saka er framlagt/ sendt til politisk behandling. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokument som er innsendte, innhenta eller utarbeidd i samband med saka. Unntak er interne arbeidsdokument for administrasjonen.

For saker som skal avgjerast i administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig behandla.

Særskilde reglar for innsyn i opplysningar undergjevne teieplikt m.m

Retten til innsyn gjeld ikkje opplysningar som er underlagt teieplikt. Kommunestyret og andre folkevalde organ kan likevel, ved fleirtalsvedtak, krevje innsyn i slike opplysningar når dette er naudsynt ved behandling av ei konkret sak i organet, jfr forvaltningslova §13 b, nr 2 og 4.

Folkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagt teieplikt etter lov.

Om ei sak vert behandla for stengde dører etter kommunelova § 11-5 jfr. Forvaltningslova § 13, pliktar dei folkevalde å teia om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov.

REGLEMENT FOR UTVAL FOR LEVEKÅR

1. SAMANSETJING OG VAL

Utvalet skal ha sju medlemmar inklusiv leiar og nestleiar. Medlemne og varamedlemne skal veljast blant medlemne i kommunestyret i samsvar med prinsipp om gjennomgåande representasjon.

2. ARBEIDS- OG ANSVARSOMRÅDE

Utvalet har det ansvar som går fram av delegeringsreglement vedteken av Vaksdal kommunestyre.

3. AVGJERDSMYNDE OG INNSTILLINGSRETT

Utvalet har avgjerdsrett i alle saker innan sitt arbeidsområde med dei avgrensingar som følgjer av lover og delegasjons- og budsjettreglement. Utvalet har innstillingsrett i alle saker som fell innanfor arbeidsområdet til utvalet, og som utvalet ikkje har avgjerdsrett i.

4. MØTEPRINSIPP

Folkevalde organ fattar sine vedtak i møte, jfr Kommuneleva § 11-2.

5. MØTE- OG ANKERETT

Ordførar og kommunedirektør har møterett i kommunale organ i samsvar med reglane i kommunelova. Vedtak i utvalet, unnateke einskildvedtak, kan leggjast fram for kommunestyret dersom minst tre i utvalet krev det. Krav om dette må setjast fram før møtet er slutt.

Utvalsleiar og kommunedirektør kan krevja at slike saker vert lagt fram for kommunestyret. Dei kan gjere dette dersom dei finn at vedtaket strir mot gjeldande vedtak gjort av overordna organ eller av andre særlege grunnar.

6. INNKALLING TIL MØTE

Utvalet vert som regel kalla inn til møte med ein frist på 7 dagar. Saksdokumentata vert publisert samstundes med innkallinga.

7. MØTETIDSPUNKT

Kommunestyret vedtek møteplan for møta i Utval for levekår for eit halvt år om gongen.

Utval for levekår kan i tillegg halde møte når utvalsleiar eller utvalet ved alminneleg fleirtal vedtek det. Gjeldande praksis for møte i folkevalde organ i Vaksdal er at:

Møta i Utval for levekår skal i hovudsak vera innanfor tidsramma kl. 12.00 – 15.00

8. INNKALLING TIL MØTE

Ordførar, utvalsleiar og kommunedirektør koordinerar framlegg til sakliste og oversyn over saker som skal til handsaming, også prosessaker.

Utvalsleiar kallar inn til møte og set opp sakliste for kvart møte. Jfr. Kommuneleva § 11-3. Der det er spørsmål om ei sak, avgjer utvalsleiar om den skal stå på saklista eller ikkje. Kommunedirektøren skal sjå til at dei sakene som vert sett opp på saklista er forsvarleg utgreidd. Jfr. kommuneloven § 13-1.

Innkallinga vert kunngjort på nettsida til kommunen samstundes som ho vert gjort elektronisk tilgjengeleg for representantane.

Dokument unnateke offentlegheit

Dokument som er unnateke offentlegheit skal berre gjerast tilgjengeleg for faste medlem av utvalet, og møtande varamedlem. Det skal gå tydeleg fram av dokumenta at dei ikkje kan offentliggjeras og dei som mottek slike dokument pliktar å sørge for at dei ikkje kjem på avvegjar.

9. MØTEPLIKT/FORFALL

Det er plikt for medlemmane å møte i utvalet. Arbeidstakar har krav på fri frå arbeid i det omfang dette er naudsynt på grunn av møteplikt i kommunale organ. Jfr Kommuneleva §8. Dersom ein representant har gyldig forfall, skal han/ho sjølv gi melding til vararepresentanten. Kriteria for gyldig forfall er strenge. Gyldige forfallsgrunnar er:

- Sjukdom
- At representant ikkje kan setje til side viktig arbeid eller plikter,
- Tenestereise som ikkje kan endrast på
- Andre tungtvegande grunnar

Ferie, arrangement og møte i andre råd eller utval er ikkje godkjente forfallsgrunnar til kommunestyret, formannskapet og komiteane. Unntak er møte i utval på høgare nivå som Fylkesting eller Storting. Administrasjonen skal ha melding om kven som møter. Representantane skal også melda ifrå til politisk sekretariat på førehand dersom nokon er inhabil, og ikkje kan delta i handsaminga av ei sak. Vararepresentant skal berre kallast inn ved behov og i samråd med gruppeleiar. Om nokon på grunn av lovleg forfall må forlate møtet under drøftingane, skal han/ho straks melda ifrå til møteleiaren. Vararepresentant vert kalla inn dersom det er praktisk mogeleg. Når ei sak er teken opp til avrøysting kan ingen ta plass i møtet før saka er avslutta. Eit folkevalt organ er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades under forhandlingane og stemt i vedkommande sak, jfr kommunelova § 11-9.

10. OPNE MØTE ELLER LUKKA DØRER

I samsvar med kommunelova er møta i utvalet ope dersom ikkje noko anna følj av lovbestemt teieplikt eller utvalet vedtek at møtet skal lukkast. Når omsynet til personvern eller andre tungtvegande private eller offentlege interesser tilseier det, kan eit folkevalt organ vedta å handsama ei sak for lukka dører, jfr Kommuneleva § 11-5. Debatt om dette skjer for lukka dører dersom møteleiar krev det, eller det blir gjort vedtak om det. Personalsaker skal alltid handsamast for lukka dører.

11. PROTOKOLLFØRING/REFERAT

Det skal først protokoll frå møta. Utvalsleiar eller fungerande møteleiar ser til at dette vert gjort.

I møteboka skal først inn:

- Eventuelle protestar mot innkalling og sakliste
- Møtetid og -stad
- Dato og måte for innkallinga
- Fråverande medleamar
- Møtande varamedleamar
- Namn på medleamar og varamedleamar som kjem og går under møtet og med
- oppgåve over når i møtet det skjedde
- Oversyn over kven som møter frå administrasjonen
- Saker nummerert i rekkjefølgje for året
- Kort nemning for kvar sak og kva ho gjeld
- Det som trengst for å visa gangen i førehavinga
- For kvar sak kva framlegg som er reist
- Det som trengst for å visa at vedtak vert gjort etter rett framgangsmåte
- Kva vedtak som er gjort og kva avrøystingar som er haldne

Ein representant kan krevja å få innført merknad til ei sak i møteboka (protokollmerknad). Slik merknad må fremjast skriftleg. Protokoll frå møtet vert sendt til utvalsmedlemene saman med innkalling til påfølgjande møte. Merknader til møteboka kan fremjast under godkjenning av møteboka i påfølgjande møte.

12. SAKSGANGEN I MØTE

Dei sakene som er nemnde i innkallinga vert teke opp til handsaming i den rekkjefølgje som det går fram. Utvalet kan vedta ei anna rekkjefølgje. Eventuelle førespurnader vert tekne opp til slutt i møtet.

13. FØRESPURNADER

Utanom dei saker som står i innkallinga til møtet kan kvar av dei som er kalla inn til møtet kome med førespurnader retta til utvalsleiar.

14. SAKSORDFØRAR

I saker som skal vidare til vidare til kommunestyret kan utvalet oppnemne saksordførar. Medlemene i utvalet bør veksle på å vere saksordførar. Oppgåvene til saksordførar er å:

- Setje seg spesielt godt inn i saka med omsyn til det politiske aspektet
- Vere pådrivar
- Gjere greie for den politiske handsaminga i utvalet til kommunestyret

15. FORVALTNINGSKLAGE

Klage på einskildvedtak vert handsama etter reglane i forvaltningslova. Utvalet skal handsame klage på vedtak som er fatta av utvalet sjølv, eller av administrasjonen etter delegasjon før saka vert oversendt klageinstansen.

16. ÅRSRAPPORTERING

Utvalet lagar årsrapport/årsmelding innan 01.03 påfølgjande år. Elles legg utvalet fram rapportar som kommunestyret ber om.

17. SEKRETARIAT/SAKSFØREBUING

Kommunedirektøren har ansvar for at sakene er så godt førebudde som mogeleg. Alle saksframlegg og alle innstillingar er kommunedirektøren sine. Dei skal godkjennast av kommunedirektøren sjølv eller av den ho/han gir mynde til. Kommunedirektøren vel ein sekretær for utvalet. Politisk sekretær er mottakssentral for saker til politisk behandling og har ansvar for å førebu sakene til møta i politiske organ. Politisk sekretær har ansvar for møteprotokollen.

18. KRAV OM Å FÅ TA OPP ATT EI SAK SOM ER AVGJORT

Utvala, eller andre organ med direkte framleggsrett til kommunestyret, kan avvise krav om ny drøfting av saker som er lovleg avgjorte av det same kommunestyret dersom kravet kjem før det er gått 3 månader frå den dagen kommunestyret gjordeendeleg vedtak i saka.

Dette gjeld ikkje dersom krav om ny drøfting av saka kjem frå Statsforvaltaren, eit departement, eller saker som vert fremja etter § 27.1 i Kommuneloven.

19. FOLKEVALTE SIN RETT TIL INNSYN

Kommunestyret har rett til innsyn i alle kommunale saksdokument med mindre dei er avgrensa av anna lovverk, jfr. Kommunelova § 11-13.

Kommunestyret skal sjølv fastsetje eit reglement for dei folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument og til informasjon om saker som er til behandling, jfr kommuneloven §§ 11-13.

Rett til innsyn

Kommunestyret har, som overordna organ for all verksemd i kommunen, rett til innsyn i alle kommunale saksdokument etter prinsippet om meiroffentlegheit, jfr Offentleglova §2.3, med dei presiseringar som følgjer av reglane under.

Utval for levekår og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument når desse gjeld dei delane av kommunen si verksemd som organet behandlar. Kontrollutvalet har sjølvstendig innsyn i høve § 6 i eige Forskrift for kontrollutval.

Tidspunkt for rett til innsyn

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagt / sendt til politisk behandling. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokument som er innsendte, innhenta eller utarbeidd i samband med saka. Det er unnatak for interne arbeidsdokument for administrasjonen. For saker som skal avgjerast i administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig behandla.

Særskilde reglar for innsyn i opplysningar undergjevne teieplikt m.m

I utgangspunktet gjeld ikkje retten til innsyn opplysningar som er underlagde teieplikt.

Kommunestyret og andre folkevalde organ kan likevel, ved fleirtalsvedtak, krevje innsyn i slike

opplysningar når dette er naudsynt ved behandling av ei konkret sak i organet, jfr forvaltningslova §13 b, nr 2 og 4.

Folkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagt teieplikt etter lov. Om ei sak vert behandla for stengde dører etter kommunelova § 11-5, pliktar dei folkevalde å teia om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov. Medlemer av folkevalde organ underskriv ei erklæring om teieplikt når dei får innsyn i opplysningar som etter lov er undergjevne teieplikt.

20. REGLEMENT FOR KOMMUNESTYRET

I tillegg til føresegna i dette reglementet gjeld reglement for kommunestyret elles så langt det passar. Det gjeld i alle høve pkt 2, 3, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 20, 21, og 23.

REGLEMENT FOR Formannskap/plan, økonomi- og administrasjonsutval

1. SAMANSETJING OG VAL

Utvalet skal ha sju medlemar inklusiv ordførar og varaordførar. Medlemane og varamedlemane skal veljast blant medlemane i kommunestyret i samsvar med prinsipp om gjennomgåande representasjon. Når utvalet handsamar saker som gjeld dei tilsette sine rettar, vert utvalet supplert med 3 arbeidstakarrepresentantar (administrasjonsutvalet). Ordførar og varaordførar er i same rekkjefølgje leiar og nestleiar i utvalet

2. ARBEIDS- OG ANSVARSOMRÅDE

Utvalet sitt ansvar går fram av delegeringsreglement vedteke av Vaksdal kommunestyre

3. AVGJERDSMYNDE OG INNSTILLINGSRETT

Utvalet har avgjerdsrett i alle saker innan sitt arbeidsområde, med dei avgrensingar som følg av lover og delegasjons- og budsjettreglement. Utvalet har innstillingsrett i alle saker som fell innanfor arbeidsområdet til utvalet, og som utvalet ikkje har avgjerdsrett i.

4. MØTEPRINSIPP

Folkevalde organ fattar sine vedtak i møte, jfr Kommuneleva § 11-2.

5. MØTE- OG ANKERETT

Ordførar og kommunedirektør har møterett i kommunale organ i samsvar med reglane i kommunelova. Vedtak i utvalet, unnateke einskildvedtak, kan leggjast fram for kommunestyret dersom minst tre av utvalet krev det. Krav om dette må setjast fram før møtet er slutt. Ordførar og kommunedirektør kan krevja at slike saker vert lagt fram for kommunestyret dersom dei finn at vedtaket strir mot gjeldande vedtak gjort av overordna organ eller av andre særlege grunnar. I saker der tilsette har representasjonsrett, gjeld avtaleverket sine reglar om mindretalsanke.

6. INNKALLING TIL MØTE

Utvalet vert som regel kalla inn til møte med ein frist på 7 dagar. Saksdokumenta vert publisert samstundes med innkallinga.

7. MØTETIDSPUNKT

Kommunestyret vedtek møteplan for eit halvt år om gongen. Formannskapet kan i tillegg halde møte når ordførar eller utvalet ved alminneleg fleirtal vedtek det. Gjeldande praksis for møte i folkevalde organ i Vaksdal er at: Møta i formannskapet skal i hovudsak vera innanfor tidsramma kl. 12.00 – 15.00

8. INNKALLING TIL MØTE

Ordførar og kommunedirektør koordinerer framlegg til sakliste og oversyn over saker som skal til handsaming, også prosessaker Ordførar kallar inn til møte og set opp sakliste for kvart møte. Jfr. Kommunelova § 11-3. Der det er spørsmål om ei sak, avgjer ordførar om den skal stå på saklista eller ikkje. Kommunedirektøren skal sjå til at dei sakene som vert sett opp på saklista er forsvarleg utgreidd. Jfr. kommuneloven § 13-1. Innkallinga vert kunngjort på nettsida til kommunen samstundes som ho vert gjort elektronisk tilgjengeleg for representantane.

Dokument unnateke offentlegheit

Dokument som ikkje kan offentleggjerast skal berre gjerast tilgjengeleg for faste medlem av utvalet, og møtande varamedlem. Det skal gå tydeleg fram av dokumenta at dei ikkje kan offentleggjerast og dei som mottok slike dokument pliktar å syte for at dei ikkje kjem på avveggar. For kunngjering av Økonomiplan og årsbudsjett gjeld eigne reglar, jfr. Kommunelova § 14.

9. MØTEPLIKT/FORFALL

Det er plikt for medlemmane å møte i utvalet. Arbeidstakar har krav på fri frå arbeid i det omfang dette er naudsynt på grunn av møteplikt i kommunale organ. Jfr Kommunelova § 8. Dersom ein representant har gyldig forfall, skal han/ho sjølv gi melding til vararepresentanten. Kriteria for gyldig forfall er strenge. Gyldige forfallsgrunnar er:

- Sjukdom
- At representant ikkje kan setje til side viktig arbeid eller plikter,
- Tenestereise som ikkje kan endrast på
- Andre tungtvegande grunnar

Ferie, arrangement og møte i andre råd eller utval er ikkje godkjente forfallsgrunnar til kommunestyret, formannskapet og komitéane. Unntak er møte i utval på høgare nivå som Fylkesting eller Storting. Administrasjonen skal ha melding om kven som møter. Representantane skal også melda ifrå til politisk sekretariat på førehand dersom nokon er inhabil, og ikkje kan delta i handsaminga av ei sak. Vararepresentant skal berre kallast inn ved behov og i samråd med

gruppeleiar. Om nokon på grunn av lovleg forfall må forlate møtet under drøftingane, skal han/ho straks melda ifrå til møteleiaren. Vararepresentant vert kalla inn dersom det er praktisk mogeleg å få til. Når ei sak er teken opp til avrøysting kan ingen ta plass i møtet før saka er avslutta. Eit folkevalt organ er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades under forhandlingane og stemt i vedkommande sak, jfr kommunelova § 11-9.

10. OPNE MØTE ELLER LUKKA DØRER

I samsvar med kommunelova er møta i utvalet ope dersom ikkje noko anna følj av lovbestemt teieplikt, eller utvalet vedtek at møtet skal lukkast. Når omsynet til personvern eller andre tungtvegande private eller offentlege interesser tilseier det, kan eit folkevald organ vedta å handsama ei sak for lukka dører, jfr Kommunelova § 11-5. Debatt om dette skjer for lukka dører dersom møteleiar krev det, eller det blir gjort vedtak om det. Personalsaker skal alltid handsamast for lukka dører.

11. PROTOKOLLFØRING/REFERAT

Det skal førstast protokoll frå møta. Ordførar eller fungerande møteleiar ser til at dette vert gjort. I møteboka skal førstast inn:

- Eventuelle protestar mot innkalling og sakliste
- Møtetid og -stad
- Dato og måte for innkallinga
- Fråverande medlemar
- Møtande varamedlemar
- Namn på medlemar og varamedlemar som kjem og går under møtet og med oppgåve over når i møtet det skjedde
- Oversyn over kven som møter frå administrasjonen
- Saker nummerert i rekkjefølgje for året
- Kort nemning for kvar sak og kva ho gjeld
- Det som trengst for å visa gangen i behandlinga
- For kvar sak kva framlegg som er reist
- Det som trengst for å visa at vedtak vert gjort etter rett framgangsmåte
- Kva vedtak som er gjort og kva avrøystingar som er haldne

Ein representant kan krevja å få innført merknad til ei sak i møteboka (protokollmerknad). Slik merknad må fremjast skriftleg. Protokoll frå møtet vert sendt til utvalsmedlemmane saman med

innkalling til påfølgjande møte. Merknader til møteboka kan fremjast under godkjenning av møteboka i påfølgjande møte.

SAKSGANGEN I MØTE

Sakene som er nemnde i innkallinga vert teke opp til handsaming i den rekkjefølgje som det går fram. Utvalet kan vedta ei anna rekkjefølgje. Eventuelle førespurnader vert tekne opp til slutt i møtet.

12. FØRESPURNADER

Utanom dei saker som står i innkallinga til møtet kan kvar av dei som er kalla inn til møtet kome med førespurnader retta til utvalsleiar.

13. SAKSORDFØRAR

I saker som skal vidare til kommunestyret kan utvalet velje saksordførar. Medlemene i utvalet bør veksle på å vere saksordførar. Oppgåvene til saksordførar vil vere:

- Setje seg spesielt godt inn i saka med omsyn til det politiske aspektet
- Vere pådrivar
- Gjere greie for den politiske handsaminga i utvalet til kommunestyret

FORVALTNINGSKLAGE

Klage på einskildvedtak vert handsama etter reglane i forvaltningslova. Utvalet skal handsame klage på vedtak som er fatta av utvalet sjølv, eller av administrasjonen, etter delegasjon før saka vert oversendt klageinstansen.

14. ÅRSRAPPORTERING

Utvalet lagar årsrapport/årsmelding innan 01.03 påfølgjande år. Elles legg utvalet fram rapportar som kommunestyret ber om.

17. SEKRETARIAT/SAKSFØREBUING

Kommunedirektøren har ansvar for at sakene er så godt førebudde som mogeleg. Alle saksframlegg og alle innstillingar er kommunedirektøren sine, og skal godkjennast av kommunedirektøren sjølv eller av den ho/han gir mynde til. Kommunedirektøren vel ein sekretær for utvalet. Politisk sekretær skal vere mottakssentral for saker til politisk behandling, og ha

ansvar for å førebu sakene til møta i politiske organ. Politisk sekretær har ansvar for møteprotokollen.

18. KRAV OM Å FÅ TA OPP ATT EI SAK SOM ER AVGJORT

Utvala, eller andre organ med direkte framleggsrett til kommunestyret, kan avvise krav om ny drøfting av saker som er lovleg avgjorte av det same kommunestyret dersom kravet kjem før det er gått 3 månader frå den dagen kommunestyret gjorde endeleg vedtak i saka.

Dette gjeld ikkje dersom krav om ny drøfting av saka kjem frå Statsforvaltaren, eit departement, eller saker som vert fremja etter § 27.1 i Kommuneoven.

19. FOLKEVALGTE SIN RETT TIL INNSYN

Kommunestyret skal sjølv fastsetje eit reglement for dei folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument og til informasjon om saker som er til behandling, jfr kommuneoven § 11-13.

Rett til innsyn

Kommunestyret har, som overordna organ for all verksemd i kommunen, rett til innsyn i alle kommunale saksdokument etter prinsippet om meiroffentlegheit, jfr Offentleglova §2.3, med dei presiseringar som følgjer av reglane under. Formannskapet og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument når desse gjeld dei delane av kommunen si verksemd som organet behandlar. Kontrollutvalet har sjølvstendig innsyn i høve § 6 i eige Forskrift for kontrollutval.

Tidspunkt for rett til innsyn

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagt / sendt til politisk behandling. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokument som er innsendte, innhenta eller utarbeidd i samband med saka. Unnatak er interne arbeidsdokument for administrasjonen. For saker som skal avgjerast i administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig behandla.

Særskilde reglar for innsyn i opplysningar undergjevne teieplikt m.m

I utgangspunktet gjeld ikkje retten til innsyn opplysningar som er underlagde teieplikt. Kommunestyret og andre folkevalde organ kan likevel, ved fleirtalsvedtak, krevje innsyn i slike opplysningar når dette er naudsynt ved behandling av ei konkret sak i organet, jfr forvaltningslova

§13 b, nr 2 og 4. Folkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagt teieplikt etter lov. Om ei sak vert behandla for stengde dører etter kommunelova § 11-5, pliktar dei folkevalde å teia om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov. Medlemmer av folkevalde organ underskriv ei erklæring om teieplikt når dei får innsyn i opplysningar som etter lov er undergjevne teieplikt.

20. REGLEMENT FOR KOMMUNESTYRET

I tillegg til føresegna i dette reglementet gjeld reglement for kommunestyret elles så langt det passar. Det gjeld i alle høve pkt 2, 3, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 20, 21, og 23.

REGLEMENT FOR BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

1. SAMANSETJING OG VAL

Utvalet skal ha fem medlemar inklusiv leiar og nestleiar. Medlemene og varamedlemene blir valde blant medlemene i kommunestyret i samsvar med prinsipp om gjennomgåande representasjon.

2. ARBEIDS- OG ANSVARSOMRÅDE

Utvalet sitt ansvar går fram av delegeringsreglement vedteken av Vaksdal kommunestyre.

3. AVGJERDSMYNDE OG INNSTILLINGSRETT

Utvalet har avgjerdsrett i alle saker innan sitt arbeidsområde, med dei avgrensingar som følgjer av lover og delegasjons- og budsjettreglement. Utvalet har innstillingsrett i alle saker som fell innanfor arbeidsområdet til utvalet, og som utvalet ikkje har avgjerdsrett i.

4. MØTEPRINSIPP

Folkevalde organ fattar sine vedtak i møte, jfr KommuneLOVA § 11-2.

5. MØTE- OG ANKERETT

Ordførar og kommunedirektør har møterett i kommunale organ i samsvar med reglane i kommunelova. Vedtak i utvalet, unnateke einskildvedtak, kan leggjast fram for kommunestyret dersom minst 1/3 av utvalet krev det. Krav om dette må setjast fram før møtet er slutt. Utvalsleiar og kommunedirektør kan krevja at slike saker vert lagt fram for kommunestyret. Dei kan gjere dette dersom dei finn at vedtaket strir mot gjeldande vedtak gjort av overordna organ eller av andre særlege grunnar.

6. INNKALLING TIL MØTE

Utvalet vert som regel kalla inn til møte med ein frist på 7 dagar. Saksdokumentata vert publisert samstundes med innkallinga.

7. MØTETIDSPUNKT

Kommunestyret vedtek møteplan for møta i Bygdeutviklingsutvalet for eit halvt år om gongen. Bygdeutviklingsutvalet kan i tillegg halde møte når utvalsleiar eller utvalet ved alminneleg fleirtal

vedtek det. Gjeldande praksis for møte i folkevalde organ i Vaksdal er at: Møta i bygdetvilkingsutvalet skal i hovudsak vera innanfor tidsramma kl. 08.00-10.00.

8. INNKALLING TIL MØTE

Ordførar, utvalsleiar og kommunedirektør koordinerer framlegg til sakliste og oversyn over saker som skal til handsaming, også prosessaker. Utvalsleiar kallar inn til møte og set opp sakliste for kvart møte, Jfr. Kommunelova § 11-3. Der det er spørsmål om ei sak, avgjer utvalsleiar om den skal stå på saklista eller ikkje. Kommunedirektøren skal sjå til at dei sakene som vert sett opp på saklista er forsvarleg utgreidd. Jfr. kommuneloven § 13-1. Innkallinga vert kunngjort på nettsida til kommunen samstundes som ho vert gjort elektronisk tilgjengeleg for representantane.

Dokument unnateke offentlegheit

Dokument som ikkje kan offentleggjerast skal berre gjerast tilgjengeleg for faste medlem av utvalet, og møtande varamedlem. Det skal gå tydeleg fram av dokumenta at dei ikkje kan offentleggjerast og dei som mottok slike dokument må sørge for at dei ikkje kjem på avvegar.

9. MØTEPLIKT/FORFALL

Det er plikt for medlemane å møte i utvalet. Arbeidstakar har krav på fri frå arbeid i det omfang dette er naudsynt på grunn av møteplikt i kommunale organ. Jfr Kommunelova §8. Dersom ein representant har gyldig forfall, skal han/ho sjølv gi melding til vararepresentanten. Kriteria for gyldig forfall er strenge. Gyldige forfallsgrunnar er:

- Sjukdom
- At representant ikkje kan setje til side viktig arbeid eller plikter,
- Tenestereise som ikkje kan endrast på
- Andre tungtvegande grunnar

Ferie, arrangement og møte i andre råd eller utval er ikkje godkjente forfallsgrunnar til kommunestyret, formannskapet og komiteane. Unntak er møte i utval på høgare nivå som Fylkesting eller Storting. Administrasjonen skal ha melding om kven som møter. Representantane skal også melda ifrå til politisk sekretariat på førehand dersom nokon er inhabil, og ikkje kan delta i handsaminga av ei sak. Vararepresentant skal berre kallast inn ved behov og i samråd med gruppeleiar. Om nokon på grunn av lovleg forfall må forlate møtet under drøftingane, skal han/ho straks melda ifrå til møteleiaren. Vararepresentant vert kalla inn dersom det er praktisk mogeleg. Når ei sak er teken opp til avrøysting kan ingen ta plass i møtet før saka er avslutta. Eit folkevalt

organ er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades under forhandlingane og stemt i vedkommande sak, jfr kommunelova § 11-9.

10. OPNE MØTE ELLER LUKKA DØRER

I samsvar med kommunelova er møta i utvalet ope dersom ikkje noko anna føyl av lovbestemt teieplikt eller utvalet vedtek at møtet skal lukkast. Når omsynet til personvern eller andre tungtvegande private eller offentlege interesser tilseier det, kan eit folkevald organ vedta å handsama ei sak for lukka dører, jfr Kommunalova § 11-5. Debatt om dette skjer for lukka dører dersom møteleiaren krev det, eller det blir gjort vedtak om det. Personalsaker skal alltid handsamast for lukka dører.

11. PROTOKOLLFØRING/REFERAT

Det skal førast protokoll frå møta. Utvalsleiar eller fungerande møteleiaren ser til at dette vert gjort.

I møteboka skal førast inn:

- Eventuelle protestar mot innkalling og sakliste
- Møtetid og -stad
- Dato og måte for innkallinga
- Fråverande medlemar
- Møtande varamedlemar
- Namn på medlemar og varamedlemar som kjem og går under møtet og med oppgåve over når i møtet det skjedde
- Oversyn over kven som møter frå administrasjonen
- Saker nummerert i rekkjefølgje for året
- Kort nemning for kvar sak og kva ho gjeld
- Det som trengst for å visa gangen i behandlinga
- For kvar sak kva framlegg som er reist
- Det som trengst for å visa at vedtak vert gjort etter rett framgangsmåte
- Kva vedtak som er gjort og kva avrøystingar som er haldne

Ein representant kan krevja å få innført merknad til ei sak i møteboka (protokollmerknad). Slik merknad må fremjast skriftleg. Protokoll frå møtet vert sendt til utvalsmedlemmane saman med innkalling til påfølgjande møte. Merknader til møteboka kan fremjast under godkjenning av møteboka i påfølgjande møte.

12. SAKSGANGEN I MØTE

Sakene som er nemnde i innkallinga vert teke opp til handsaming i den rekkjefølgje som det går fram. Utvalet kan vedta ei anna rekkjefølgje. Eventuelle førespurnader vert tekne opp til slutt i møtet.

13. FØRESPURNADER

Utanom dei saker som står i innkallinga til møtet kan kvar av dei som er kalla inn til møtet kome med førespurnader retta til utvalseiar.

14. SAKSORDFØRAR

I saker som skal vidare til vidare til kommunestyret kan utvalet velje saksordførar. Medlemane i utvalet bør veksle på å vere saksordførar. Oppgåvene til saksordførar vil vere:

- Setje seg spesielt godt inn i saka med omsyn til det politiske aspektet
- Vere pådrivar
- Gjere greie for den politiske handsaminga i utvalet til kommunestyret

15. FORVALTNINGSKLAGE

Klage på einskildvedtak vert handsama etter reglane i forvaltningslova. Utvalet skal handsame klage på vedtak som er fatta av utvalet sjølv, eller av administrasjonen, etter delegasjon før saka vert oversendt klageinstansen.

16. ÅRSRAPPORTERING

Utvalet lagar årsrapport/årsmelding innan 01.03 påfølgjande år. Elles legg utvalet fram rapportar som kommunestyret ber om.

17. SEKRETARIAT/SAKSFØREBUING

Kommunedirektøren har ansvar for at sakene er så godt førebudde som mogeleg. Alle saksframlegg og alle innstillingar er kommunedirektøren sine. Dei skal godkjennast av kommunedirektøren eller av den ho/han gir mynde til. Kommunedirektøren vel ein sekretær for utvalet. Politisk sekretær er mottakssentral for saker til politisk behandling, og har ansvar for å førebu sakene til møta i politiske organ. Politisk sekretær har ansvar for møteprotokollen.

18. KRAV OM Å FÅ TA OPP ATT EI SAK SOM ER AVGJORT

Utvala, eller andre organ med direkte framleggsrett til kommunestyret, kan avvisa krav om ny drøfting av saker som er lovleg avgjorte av det same kommunestyret dersom kravet kjem før det er gått 3 månader frå den dagen kommunestyret gjorde endeleg vedtak i saka.

Dette gjeld ikkje dersom krav om ny drøfting av saka kjem frå Statsforvaltaren, eit departement, eller saker som vert fremja etter § 27.1 i KommuneLOVEN.

19. FOLKEVALDE SIN RETT TIL INNSYN

Kommunestyret har rett til innsyn i alle kommunale saksdokument med mindre dei er avgrensa av anna lovverk, jfr. KommuneLOVA § 11-13.

Kommunestyret skal sjølv fastsetje eit reglement for dei folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument og til informasjon om saker som er til behandling, jfr. kommuneLOVEN §§ 11-13.

Rett til innsyn

Kommunestyret har, som overordna organ for all verksemd i kommunen, rett til innsyn i alle kommunale saksdokument etter prinsippet om meiroffentlegheit, jfr. OffentlegLOVA §2.3, jfr. KommuneLOVA § 11-13. med dei presiseringar som følgjer av reglane under.

Bygdeutviklingsutvalet og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument når desse gjeld dei delane av kommunen si verksemd som organet behandlar. Kontrollutvalet har sjølvstendig innsyn jfr. KommuneLOVA § 23-2 jfr. § 23-6.

Tidspunkt for rett til innsyn

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagt / sendt til politisk behandling. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokument som er innsendte, innhenta eller utarbeidd i samband med saka. Unntak er interne arbeidsdokument for administrasjonen. For saker som skal avgjerast i administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig behandla.

Særskilde reglar for innsyn i opplysningar undergjevne teieplikt m.m

I utgangspunktet gjeld ikkje retten til innsyn opplysningar som er underlagde teieplikt.

Kommunestyret og andre folkevalde organ kan likevel, ved fleirtalsvedtak, krevje innsyn i slike opplysningar når dette er naudsynt ved behandling av ei konkret sak i organet, jfr. forvaltningsLOVA §13 b, nr 2 og 4. Folkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagt teieplikt etter lov.

Om ei sak vert behandla for stengde dører etter kommuneLOVA §11-5, pliktar dei folkevalde å teia

om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov. Medlemer av folkevalde organ underskriv ei erklæring om teieplikt når dei får innsyn i opplysningar som etter lov er undergjevne teieplikt.

20. REGLEMENT FOR KOMMUNESTYRET

I tillegg til føresegna i dette reglementet gjeld reglement for kommunestyret elles så langt det passar. Det gjeld i alle høve pkt 2, 3, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 20, 21, og 23.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
77/2023	Kommunestyret	PS	07.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen		23/1452

RETNINGSLINJAR FOR ORDFØRARKJEDE

Vedlegg:

Retningslinjer for bruk av Vaksdal kommune sitt ordførarkjede

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek «Retningslinjer for bruk av Vaksdal kommune sitt ordførarkjede» slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka

I sak nr 22/1369 fatta Vaksdal kommunestyre vedtak om oppstart av ein prosess med anskaffing av Ordførarkjede.

Saksutgreiing:

Ordførerkjedet blei overlevert ordførar på fyrste møte i perioden 2023-27, tysdag 17.oktober. Saman med ordførar har Erlend Hesjedal-Johannessen (H) og Thor Andersen (Ap) ,med kommunedirektør som sekretær, utgjort arbeidsgruppa som har jobba fram i prosessen med å få laga ordførarkjede til Vaksdal kommune.

Gruppa har sendt ut anbod og, på bakgrunn av politisk vedtak, laga rammer for arbeidet. I prosessen har det vore eit tett samarbeid med den valde kunstnaren Hilde Rønning Rongevær.

Kommunedirektøren vil takke både arbeidsgruppa og kunstnar for godt arbeid.

Ordførarkjedet er no på plass og det er utarbeid framlegg til retningslinjer for bruken av kjeda.

Retningslinjer for bruk av Vaksdal kommune sitt ordførarkjede

Det er ikkje utarbeidd standardreglar for bruk av ordførerkjeder i Noreg, så korleis ein vil bruka kjedet er opp til kvar enkelt kommune. Vaksdal kommune har utarbeidd desse retningslinjene for bruk:

Det er vanleg at kjedet kan bli brukt ved slike høve (lista er ikkje fullstendig):

- mottakelse i kommunal regi
- middagar og andre arrangement der kommunen er vertskap
- opning av bygningar og anlegg for kommunen eller verksemdar når ordførar står for opninga
- opning av større møter eller hendingar der ordførar representerer kommunen
- overrekking av utmerkingar
- besøk av kongelege gjester
- borgarleg vigsel
- markering av 100-årsdagar
- kommunestyret sitt konstituerande møte

Ordførarkjedet skal nyttast i det konstituerande møtet i starten av kvar valperiode. Utover dette vert det ikkje nytta i kommunestyremøter.

Det er ein uskriven regel at kjedet vert brukt i eigen kommune. Skal kjedet brukast i ein annan kommune skjer dette etter invitasjon, eller etter avtale med den enkelte kommune. Døme på bruk i andre kommunar kan vera dersom innbyggjarar i Vaksdal nyttar selskapslokale i Bergen ved borgarleg vigsel.

Kleskode

Det er naturleg at ordførarkjedet oftast vert brukt saman med fine klede. Ordførar har likevel fridom til å bruke skjønn og vurdere situasjonen. Ved arrangement ute må ein tenkje på kva ytterklede som vil vera passande under ordførarkjedet.

Varaordførar

Varaordførar kan bruka kjedet i situasjonar som nemnt over der han/ho opptrer som ordførar.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
78/2023	Kommunestyret	PS	07.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen		23/1456

INTERPELLASJON - MOBILFRI SKULE OG SFO

Saksopplysningar:

Leif Inge Eide (R) fremjar følgjande interpellasjon:

I følgje ein fersk UNESCO-rapport (FN sitt organ for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon) er det ein direkte samanheng mellom mobilbruk i skulen og at elevar presterer dårlegare. UNESCO tilrår at smarttelefonar blir fjerna frå skulen.

Rapporten dokumenterer at omfattande bruk av smarttelefonar ikkje berre reduserar evna til å læra, men også at mykje skjermtid påverkar born sin følelsesmessige stabilitet negativt.

Frankrike, Nederland, Italia, Portugal og Storbritannia har av den grunn innført nasjonale forbod mot mobiltelefonbruk i skulen. EU tilrår at andre føl etter.

Forskar Sara Abrahamsson si studie/doktoravhandling om mobilforbod i ungdomsskulen her til lands, blei omtalt i VG 30.mai 2023. Det er første gong ein studie ser på langtidseffekten av mobilforbod i norsk skule.

Abrahamsson si doktoravhandling konkluderer med at ungdomsskular med mobilforbod har betre karakterar og mindre mobbing enn skular utan. Størst effekt er det blant jentene.

"Effektene av mobilforbud er ganske store og har en positiv påvirkning på skolehverdagen." slår ho fast. Og legg vekt på at forbodet har veldig stor effekt i arbeidet med å minske mobbing.

Sidan skulane våre er heller små, gir Elevundersøkinga i grunnskulen oss ingen lokale tal på grad av mobbing. Pga personvern får korkje rektor, skuleeigar eller ålmenta innsyn i desse tala.

For Vestland er talet på mobbing av elevar på 10.trinn i undersøkinga for 2023, 8,1%.

I vår kommune er det opp til kvar einskild skule å avgjere om ein vil ha mobilforbod eller ikkje. Det meiner Raudt er feil.

Raudt vil at mobiltelefonar skal leverast inn på skulen ved oppmøte og leverast tilbake når elevane går heim.

Fordi Raudt vil

- at elevar skal få ro og fred til å konsentrere seg om undervisning i timane.
- redusere mobbing gjennom mobilforbod så lenge elevane er i kommunen si varetakt.
- ha meir aktive elevar i friminuttar for betre helse og sosial læring.

Ein vil kunne gjere unntak frå forbodet når mobiltelefonar skal nyttast til undervisning.

Spørsmål til ordførar:

Vil ordførar ta initiativ til å handsame saka?

Forslag til vedtak:

Kommunestyret sender saka over til Levekårsutvalet for utgreiing og innstilling i saka.